

Arkiv: FE-121, TI-&37
JournalpostID: <jplD> 20/31084
Saksbehandlar:
Dato: 04.06.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
023/20	Eldreråd	08.06.2020
027/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	08.06.2020
102/20	Utval for areal, plan og miljø	10.06.2020
023/20	Utval for helse og omsorg	09.06.2020
037/20	Utval for næringutvikling og drift	10.06.2020
040/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.06.2020
072/20	Alver formannskap	11.06.2020
	Alver kommunestyre	

Utviklingsplan for Vestland- høyringsuttale frå Alver kommune Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Høyringsuttale frå Alver kommune til Regional utviklingsplan for Vestland 2020-2024 er oppsummert i saksutgreiinga.

Eldreråd 08.06.2020:

Behandling:

Leiar plan og analyse, Kristin Nåmdal, orienterte om utviklingsplanen for Vestland. Ho peika på at regionale planar betyr noko for kommunane, og det er difor viktig at Alver er engasjert i regionale planprosessar og kjem med innspel.

Eldrerådet kom ikkje med merknader.

ER- 023/20 Vedtak:

Eldrerådet har ingen merknader til Utviklingsplan for Vestland.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2020:

Behandling:

Orientering til saka v/Kristin Nåmdal-leiar Plan og analyse

Framlegg frå Magne Bjørndal:

RMNF minner om at inkludering og universell utforming er perspektiv som må takast med i alt planarbeid i fylkeskommunen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 027/20 Vedtak:

Uttale frå RMNF - 08.06.2020:

RMNF minner om at inkludering og universell utforming er perspektiv som må takast med i alt planarbeid i fylkeskommunen.

Utval for helse og omsorg 09.06.2020:

Behandling:

Sølvi Knudsen (SP) sette fram følgjande endringsframlegg:

Utval for helse og omsorg tek rådmannen sitt høyrings svar til orientering.

Utvalet vedtok samrøystes framlegg frå Knudsen.

HO- 023/20 Vedtak:

Utval for helse og omsorg tek rådmannen sitt høyrings svar til orientering.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Behandling:

Ingen merknader, samrøystes.

OKK- 040/20 Vedtak:

Ingen merknader.

Utval for areal, plan og miljø 10.06.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke - 8 røyster (H,Sp, Fnb, Ap, Krf)

APM- 102/20 Vedtak:

Høyringsuttale frå Alver kommune til Regional utviklingsplan for Vestland 2020-2024 er oppsummert i saksutgreiinga.

Utval for næringutvikling og drift 10.06.2020:

Behandling:

Utvalsleiar Stian Lavik (KRF) sette fram følgjande framlegg:

Utvalet sluttar seg til administrasjonen si høyringsuttale og vil i tillegg peika på viktigheita av god medverknad for kommunane i det vidare planarbeidet.

Framlegget frå Stian Lavik vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Utvalet vedtok samrøystes Lavik sitt framlegg.

ND- 037/20 Vedtak:

Utvalet sluttar seg til administrasjonen si høyringsuttale og vil i tillegg peika på viktigheita av god medverknad for kommunane i det vidare planarbeidet.

Politiske handsaming

Saka skal til uttale i Administrasjonsutvalet, Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Levekårsutvalet, Plan- og miljøutvalet, Formannskapet

Saka skal til innstilling i Levekårsutvalet, Plan- og miljøutvalet, Formannskapet

Saka skal avgjerast Kommunestyret

Bakgrunn

Regional utviklingsplan for Vestland 2020-2024 definerer langsiktige mål for samfunnsutviklinga, prioriterer strategiar for å oppnå måla og kva regionale planar vi skal utarbeide, revidere eller vidareføre dei neste fire åra.

Utviklingsplan for Vestland er heimla i plan og bygningslova § 7-1, og er regional planstrategi

for Vestland.

Utviklingsplanen baserer seg på eit grundig kunnskapsgrunnlag, som gjer greie for dei viktigaste utviklingstrekk og utfordringane i det nye fylket. Planen tek stilling til kva mål som er viktige i denne politiske fireårsperioden, og kva strategiar som kan hjelpe å nå dei.

Høyringsfrist er sett 28.06.20.

Fylkestinget skal etter planen vedta utviklingsplanen for Vestland i september 2020.

Saksopplysninger:

Utviklingsplanen tek opp spørsmål om kva langsiktig retning vestlandsamfunnet skal ta. Korleis vi best møter utfordringane og kva utviklingsmoglegheiter vi har? Kva slags prioriteringar skal leggest til grunn for regional satsing og planlegging?

Utfordringar for fylket og regionane er oppsummert innleiingsvis i dokumentet.

Den langsiktige visjonen «Nyskapande og berekraftig» stakar ut den langsiktige kursen for den regionale politikken.

Regional utviklingsplan er bygd på berekraftmåla som premiss for samfunnsutviklinga.

Det er fire hovudmål med strategiar som peiker retning for utvikling av Vestland fylke.

Mål 1. Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Strategiar

- Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.
- Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.
- Vestland skal utvikle eit framtidretta og inkluderande arbeids og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.
- Vestland fylke skal aktivt søke dei moglegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.

Mål 2. Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Strategiar:

- Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp.
- Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.
- Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

Mål 3. Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland

Strategi:

- Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

- Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.
- Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester. Basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

Mål 4. Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn

Strategiar :

- Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.
- Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.
- Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

Høyringsuttale til regional utviklingsplan for Vestland fylke

Rådmannen meiner utviklingsplanen for Vestland fylke er eit godt strukturert, tydleg og tilgjengeleg dokument.

Vestland fylke har ei viktig oppgåve i å vere med å bygge ein sterk vestlandsregion. Målet om at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket og ein nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg, viser at planen vil vere med å gje ei tydeleg strategisk retning for utviklinga.

Planen har og særleg vekt på berekraftsmål 17 «Samarbeid for å nå mål». Dette fokuset vil vere avgjerande for å få gjennomført ført alle gode mål og strategiar i planen. Alver kommune støttar eit auka fokus på samarbeid for å få til ei god regional og lokal utvikling.

Rådmann meiner at overordna mål og strategiar i planen vil bidra til ei god samfunnsutvikling. Desse vil gjere Vestland fylke betre i stand til å møte utfordringar og utviklingsmoglegheiter. Sentralt i utviklingsdokumentet er tema som infrastruktur, utfordring i høve klima og energi og det å bidra til å skape levande lokalsamfunn.

Fokus på kunnskap og kompetanse er avgjerande for verdiskapinga og konkurransekrafta til Vestlandet.

Eit aktivt, oppdatert og innovativt kulturliv er med på å utvikle samfunnet vidare. Kulturliv, kreative næringar, idrett og friluftsliv er viktige regionale verdiskaparar. Dette er alle viktige fokusområde for å skape ei god ramme rundt livet til vestlendingen.

Strategiane er tydlege og peikar retning for vidare planstyrt utviklingsarbeid i Vestlandsfylket.

Val av planer og prosessen knytt til dei.

Bruk av berekraftsmål og utvikling av berekraftsindikatorar i Vestland

Alver kommune har berekraftsmål som gjennomgåande i sitt planarbeid. Rådmannen ser positivt på at Vestland fylkeskommune vil jobbe med eit indikatorsystem for oppfølging av berekraftmåla i Vestland. Utarbeidinga av regionale og lokale indikatorar er eit viktig ledd i å omsette berekraftmåla til lokale forhold. Dette vil vere nyttig i arbeidet med berekraftsmål.

i kommunane også.

Rådmann ser positivt på at Vestland fylke ynskjer å starte arbeid med følgjande planer:

- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling Oppstart 2020
- Regional klimaplan Oppstart 2020
- Regional plan for senterstruktur Oppstart 2021
- Regional transportplan Oppstart 2020
- Regional plan for kompetanse Oppstart 2021
- Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv Oppstart 2021

Regional klimaplan

Alver kommune meiner at det er positivt at fylkespolitikarane vil prioritere arbeidet med ein regional klimaplan.

Det bør peikast ut ein felles retning for dette viktige spørsmålet, som vil ha i seg alt frå lokale klimatilpassingar til bruk av ny fornybar energi. Vi må tilpasse samfunnet slik at det vert robust i møte med klimaendringane. Vi vil få hyppigare ekstreme naturhendingar i form av styrtregn, flaum, ras og skred, som påverkar kritisk infrastruktur, næringsliv, natur- og kulturmiljø. I tillegg til dei økonomiske konsekvensane, påverkar det også tryggleiken og helsa i befolkninga. Dette gir nye utfordringar for planlegginga.

Alver ynskjer at planen skal vere eit godt verktøy for kommunane som dei kan nytte i sitt planarbeid, og i det lokale klimaarbeidet. Klimautfordringar må løysast både på eit overordna nasjonalt og regionalt nivå. Kommunane sit også med mykje av det lokale ansvaret og kan vere med å påverke i høve til lokale klimatilpassingar.

Planarbeidet må utførast i eit nært samarbeid med næringa og kommunane sine fagavdelingar. Til dømes vil landbruksforvaltninga vere ein sentral aktør. Landbruksavdelinga i Alver har arbeida målretta med tiltak innan klimatilpassing innan landbruk og arealforvaltning. Denne lokale fagkunnskapen rår vi Fylkeskommunen til å ta med i det vidare arbeidet med klimaplanen.

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling

Det er viktige regionale oppgåver å legge til rette for innovasjon og næringsutvikling. Næringslivet ser ikkje kommunegrenser. Grøn konkurransekraft kan gjere oss mindre avhengige av olje- og gass og meir innretta mot sirkulærøkonomi og bioøkonomi.

Alver er ein kommune som har eit variert næringsliv, bygd på industri, som og har i seg høg grad av innovasjon. Alver har nyleg utarbeida ein næringsanalyse som kan vere relevant for å nytte som kunnskapsgrunnlag i Vestland fylke. Alver vil vere ein pådrivar for ei miljø- og klimavenleg omstilling av næringslivet i regionen og har stort fokus på sirkulær økonomi. Vi vil stimulere til vidare utvikling og bruk av fornybar energi.

Alver kommune har vore ein pådrivar for å sette i gang nye utviklingsprosjektet i samarbeid med næringslivet, som kan bidra til grøn verdiskaping og nye arbeidsplassar i kommunen.

Tema som kan vere relevante i arbeidet med regional plan for innovasjon og næringsutvikling

er satsingar som: Prosjekt frå avfall til ressurs. Eit prosjekt Alver har vore involvert i. Vi ynskjer at dette tema med tiltak innan sekulær økonomi vert vurdert inn i arbeidet med plan for innovasjon og næring.

Green Spot Mongstad og Grøn konkurransekraft er også to større utviklingsprosjekt innanfor sirkulærøkonomi og berekraftig bruk av fornybare og ikkje-fornybare ressursar i Nordhordlandsregionen. Alver kommune bidreg gjerne med sin kompetanse i planarbeidet.

Regional transportplan

Regional areal,- og transportplan legg rammene for den langsiktige utviklinga i eit område, med hovudvekt på arealutvikling og transportmønster.

Regional transportplan skal bidra eit utbyggingsmønster med vekst i bustader og næringsareal innanfor berekraftige rammer. Dette er knytt til kollektivtransport og effektiv vegtransport, og med omsyn til langsiktig grønstruktur, jordvern, samt gode nærmiljøkvalitetar.

Ein regional transportplan vil også ha påverknad på kva arealpolitikk kommunen skal føre. Alver kommune har mange og til dels svært dårlege fylkesveggar i kommunen. Dette kan stanse utvikling i delar av kommunen, der det mellom anna er knytt rekkefølgekrav til utbetring av fylkesveggar.

Høg grad av grøn mobilitet er sentralt for å utvikle gode lokalsamfunn. Dette tema bør ha eit stort fokus i planarbeidet. Det kan vere krevjande å auke attraktiviteten til sykkel, gonge og kollektiv med det fylkesvegnettet vi har i Alver. Utrygge skuleveggar er òg ei utfordring for Alver. Vi treng å samarbeide med vegeigar og dei ulike forvaltningsnivåa knytt til planlegging og realisering av infrastruktur. Alver kommune vil peike på at i enkelte områder ynskjer vi at det kan avvikast frå handbøker frå vegstyresmaktene i høve utforming av gang og sykkelveg. Terrenget gjer at det handbøkene krev ikkje alltid kan la seg realisere. Resultatet blir at det ikkje vert sett i verk tiltak av nokon karakter. Dette bør og vere tema i ein regional transportplan.

Alver kommune vil gje ein eigen uttale til planprogrammet for regional transportplan som no er på høyring.

Regional plan for kompetanse

Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring. Ein regionalplan for kompetanse vil vere med å bygge opp under denne strategien.

Regional plan for senterstruktur

Eit sterkt og attraktivt regionsenter i Alver vil vere ein motor i bustads-, arbeids,- og serviceregionane. Knarvik skal stimulere til verdiskaping og konkurransekraft, har spesialiserte tenester som supplerer det lokale tilbodet i tettstader og grender i kommunen. Knarvik vidaregåande skule og det regionale helsehuset er sentrale offentlege aktørar som bidreg i utviklinga av regionsenteret.

Det er ønskjeleg å tilby service, handel og tenester nærast mogeleg innbyggjarane, både ut frå eit velferdssynspunkt og eit transportperspektiv. Samstundes skal det lokale tilbodet ha kvalitet og vere effektivt.

Den gjeldande Regional plan for senterstruktur har vore med på å påverke arealpolitikken i regionsentera.

No er det nye kommunar og regionstruktur, vestland fylket og regionsenter har fått utvida, nye eller andre roller. Det er kommunen som er planmynde og det er gjerne rundt regionsenteret presset på utvikling er størst, og der vi ønsker ei planstyrt utvikling, både med omsyn til næring, kultur, bustader og møteplassar. I arbeidet med planen er det avgjerande at kommunen er tett på planprosessen.

Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv

Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn. Dette er ein viktig strategi for å få til eit aktivt og inkluderande kulturliv. Gjennomføring av planen føreset samarbeid og partnerskap mellom fylkeskommunen og andre offentlege og private aktørar. Ikkje minst er frivilligheita ein viktig samarbeidspart i nærmiljøa. Regional plan har ei viktig rolle i å mobilisere og samordne innsatsen og fremje brei, open og inkluderande verdiskaping. Alver kommune har eit aktivt og breitt kulturliv med høg grad av frivilligheit. Alver ynskjer å bidra med sin lokale kunnskap og kompetanse i planarbeidet.

Når regionen har fått nye oppgåver frå staten når det gjeld friluftsliv, kulturarv, integrering, så støtter Alver at vestland fylke vil revidere Regional plan for kultur i Hordaland og Sogn og Fjordane. Dette betyr at planane vert oppdatert og Vestland kan svare betre på dei nye ansvarsområda og knytte dei til dei overordna måla i utviklingsplanen for Vestland.

Nordhordland UNESCO Biosfæreområde

19. juni 2019 vart Nordhordland utnemnd av UNESCO som eit biosfæreområde – eit modellområde for berekraftig utvikling. Nordhordland UNESCO Biosfæreområde skal byggje på det beste frå fortida og leggje til rette for ei framtid som sikrar berekraftig bruk av alle ressursane i samfunnet -til nytte og glede for folk i dag og for kommande generasjonar.

Mange av dei same mål og strategiar i arbeidet med Biosfære Nordhordland vil vere tema i planarbeid i utviklingsplan for Vestland. Det vil vere naturleg å koble på Nordhordland biosfæreområde, som er det einaste i sitt slag i Noreg, i både planarbeidet for klima og næring og innovasjon.

Medverknad og gjennomføring av planer og samarbeid med kommunane

Det er eit godt grep frå fylkeskommunen å ta fatt i desse store overordna planoppgåvene. Alver kommune vil avslutningsvis peike på verdien av eit tett samarbeid både med kommunar, næringsliv og lokalsamfunna.

Berekraftsmål 17. «Samarbeid for å nå måla», løfta fram av FN som det målet som bidreg til å nå alle dei andre. Vi må styrke samarbeidet mellom privat og offentlig sektor, frivilligheit, kulturliv og innbyggjarar, og mellom ulike nivå innan offentlig forvaltning.

Vi treng styrka kompetanse på samskaping, samarbeid, nettverksjobbing og partnerskap for å få dette til. Vestland fylke må leggje til rette for at næringsaktørar, interesseorganisasjonar og sektormyndigheiter kan delta aktivt i planprosessane.

Oppgåver og utfordringar knytt til desse plantema må løysast i samarbeid og i eit overordna perspektiv. Næringslivet har ei viktig rolle i arbeidet med utviklinga av klimaplan, og ikkje minst i regional plan for næring og innovasjon.

Alle regionale planar skal ha eit handlingsprogram, det er eit godt grep. For effektiv gjennomføring bør ein vurdere behovet for samarbeid og partnerskap. Det er også eit godt grep å vurdere gjennomføring av arbeidet på tvers av regionale planar. Løysingar av dei store samfunnsutfordringane kan på denne måten bli sett i samanheng i

gjennomføringsfasen, til dømes koplingar mellom miljøspørsmål, helseutfordringar, attraktive samfunn, teknologiutvikling og entreprenørskap.

Kommunane og næringslivet lokalt vil vere gode støttespelarar til Vestlandfylke i prosessen med å utarbeide planane. Alver kommune ynskjer å delta med sin lokale erfaring og kompetanse i planarbeidet, både i arbeidsgrupper og gjennom reell medverknad i planprosessen.

Vedlegg i saken:

27.05.2020

hoyringsutkast---utviklingsplan-for-vestland-2304w

1397406